

2.3.2 Energiproduksjon

2.3.2.1 Vasskraftverk

Kraftproduksjon er ei relativt ny tilleggsnæring i Vindafjord som har auka mykje dei siste åra. Vindafjord har følgjande kraftverk som er utbygde/er under utbygging:

Ask minikraftverk	0,8 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Hetland minikraftverk	1,0 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Bjordal kraft I	0,8 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Bjordal kraft II	0,6 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Skogkraft	0,75 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Blikraåno gardskraftverk	0,85 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Rødnevassdraget	38,6 mill kwh i årleg produksjon	bygd
Hundseid kraftstasjon	0,66 mill kwh	bygd
Nordbekken energi	0,14 mill kwh	bygd
Imsland kraftverk/Imslandsjøen	20,2 mill kwh i årleg produksjon	under bygging
Våga kraftverk	11,1 mill kwh i årleg produksjon	under bygging
Hustveitelva	12 mill kwh	under bygging
Vik kraft as	10 mill kwh	under bygging
Tonjen/ Ølselva kraft as	1,2 mill kwh	under bygging
Ilstveit gardskraftverk	0,45 mill kwh	godkjent NVE
Stokkadalen mirkokraftverk	0,6 mill kwh i årleg produksjon	godkjent NVE
Øverland gardskraftverk	0,7 mill kwh i årleg produksjon	godkjent NVE
Hogganvikelva	0,86 mill kwh i årleg produksjon	godkjent NVE
Rødne gardskraftverk Imsland	0,4 mill kwh i årleg produksjon	godkjent NVE
Lauvik kraftverk	3,4 mill kvh i årleg produksjon	søkt NVE
Førland kraftverk	2,1 mill kwh i årleg produksjon	søkt NVE
Gjerdessa minikraftverk	3,3 mill kwh i årleg produksjon	søkt NVE
Ulveebne	6,13 mill kwh i årleg produksjon	søkt NVE

Samla gjev dei ferdige kraftverka under kraftverka under bygging ein årsproduksjon på 97,5 mill kwh, noko som tilsvarer ein årleg bruttoverdi på 29 mill kr med dagens kraftpris på 0,3 kr./kwh. I tillegg er det kraftverk under planlegging med ein årleg kapasitet på 19,1 mill kwh pr. år.

2.3.2.2 Bioenergi

Vindafjord har store lauvskogressursar som er eigna til bioenergi.

Vindafjordbonden har ein betydeleg vedproduksjon og har eit stort potensiale i auka vedproduksjon.

Pr i dag er det fleire bønder som ynskjer å levera bioenergi i form av flis, men det manglar lokale brukarar av bioenergi. For å kunna ta i bruk denne ressursen er det svært viktig å utvikla lokale fjernvarmeanlegg.